

Referat	Styremøte nr 4 2020 i Lærdal Turlag
Tid	Mandag 20. april 2020 kl 19.00
Stad	Møterommet til skyttarlaget 2. etg Idrettsbygget
Til stades	Rolf Engløkk, Stian Fagerlund, Mais Hunderi, Anita Karlsen Bentås, Finn Gram, Silje Andrea Feet (Barnas Turlag)
Innkalla av	Rolf Engløkk
Forfall	Elin Bjørkum
Referent	Anita Karlsen Bentås
Ordstyrar	Rolf Engløkk
Observatør	

Saksliste styremøte nr 4 20. april 2020

1. Referat fra forrige møte, se vedlegg
2. Økonomi.
Turlaget har fått VIPPS-konto. (602939)
3. Info fra Barnas turlag. (Påskelabyrint)
4. Informasjonssaker.
 - 4.1 Tiltak turlaget har iverksatt i f m Koronapandemien, se tekst nedenfor.
 - 4.2 Turlaget har lagt ut 55 turposter på SjekkUT, tanken er videre å lage ei liste for Bakketrimmen og Stølstrimmen slik at registrering av besøk skjer elektronisk og uten å skrive i boka/klippe kortet. Hva med å lage et skilt eller lign for å markere at stedet er lagt inn på SjekkUT?
 - 4.3 Søknad om kulturmidler på 25000 kr er levert.
 - 4.4 Søknad til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om tilskot på skilting av SjekkUT stader.
5. Bakketrimmen 2020, nye poster, 7 poster. Klar til 15. april. Se oppdatert oppdragsliste. (Synes vi skal iverksette asap etter påske. I stedet for å klippe kortet kan vi inntil videre si at hver enkelt kan sette et kryss i hvert felt og/eller registrerer turposten på SjekkUT? Tror ikke det vil bli misbrukt.)
Oppretta deltakerliste.
6. Onsdagsturer. [Avlyses inntil videre.](#)

Eventuelt

- 7.1 Kurskvelder (medlemsmøte), emne/tid/sted/instruktør (Settes på vent)
- 7.2 Kart og kompass, instruktør, når? (Settes på vent)
- 7.3 Opprette ei gruppe på SjekkUT for versjonen av Storehaugen opp i år?
- 7.4 Dagsturhytta, renhold og vinduspuss? Beising?

Nr	Sak	Referat, vedtak.	Ansv., frist
1	21/2020 Referat fra styremøte nr 3	OK	
2	22/2020 Økonomi	Kr 107 000 på konto. Annosnekostnadane i Sogn Avis har stege	Finn Gram

		nokså mykje. Vippskonto er oppretta for turlaget. Forråds kapital frå DNT i overkant av kr 5 000, ØE har sponsa med kr 9 000 til annonsering.	
3	23/2020 Info fra Barnas turlag	Rebusløp i påsken, med postar rundt omkring i bygda. Korona-tilpassa. Premiering: flotte premiar. 28 deltakarar. Ansvarleg for DNT ung, dei har teke kontakt i dag vedkommande ev videomøte og digitalt kurs. Muleg å starte med litt aktivitet frå 1.mai? Digitalt grunnkurs i søknad om tilskudd, Silje vert med på det.	Silje Andrea
4	24/2020 Informasjonssaker. Informasjonssaker: 4.1 Tiltak turlaget har iverksatt i f m Koronapandemien, se tekst nedenfor. 4.2 Turlaget har lagt ut 55 turposter på SjekkUT, tanken er vidare å lage ei liste for Bakke trimmen og Stølstrimmen slik at registrering av besøk skjer elektronisk og uten å skrive i boka/klippe kortet. Hva med å lage et skilt eller lign for å markere at stedet er lagt inn på SjekkUT? 4.3 Søknad om kulturmidler på 25000 kr er levert. 4.4 Søknad til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om tilskot på skilting av SjekkUT stader.	4.2 og 4.4: Lage skilt merka med SjekkUT der vi har dette, og det ikkje er postkasse frå før. Skilt i tre der teksten vert fresa ut. Der det er stadnamnskilt frå før, men ikkje postkasse, kan me feste eit SjekkUT merke på skiltet tilsvarande slik det er gjort på eksisterande postkasser. Søke om midlar gjennom Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Trong for skilt merka med «Lat att grinda - beite pågår». Silje Andrea lagar nokre, Anders Tønjum har freseutstyr. Muleg me bør bestille fleire slike skilt ...	
5	25/2020 Bakke trimmen 2020, nye poster, 7 poster. Klar til 15. april. Se oppdatert oppdragsliste. (Synes vi skal iverksette asap etter påske. I stedet for å klippe kortet kan vi inntil vidare si at hver enkelt kan sette et kryss i hvert felt og/eller registrerer turposten på SjekkUT? Tror ikke det vil bli misbrukt.) Oppretta deltakerliste.	Bakke trimmen er godt i gang, gode tilbakemeldingar frå dei som går. Det har vore litt trøbbel med å finne stien til Øvre Koret, men den er godt merka. SjekkUT fungerer bra.	

6	26/2020 Onsdagsturer	Onsdagsturar utgår førebels. Me føl dei nasjonale retningslinjene.	
7	27/2020 Ymse 7.1 Kurskvelder (medlemsmøte), emne/tid/sted/instruktør (Settes på vent) 7.2 Kart og kompass, instruktør, når? (Settes på vent) 7.3 Opprette ei gruppe på SjekkUT for versjonen av Storehaugen opp i år? 7.4 Dagsturhytta, renhold og vinduspuss? Beising?	7.1 og 7.2: Kurs vert sett på vent, me føl dei nasjonale retningslinjene. 7.3: Opprettar ei gruppe på SjekkUT for versjonen av Storehaugen opp i år. Muleg å gå mellom 1.mai og 1.september. Vippsar kr 100 til Storehaugen Opp og får t-skjorte i deltakarpremie. 7.4: Dugnadskveld på 2-3 personar der Dagsturhytta vert vaska. Beising vert ikkje gjort på dugnad: går under drift og ikkje vedlikehald.	

Møteplan 2020

- 15. des 2019
- 2. feb 2020
- 1. mars
- 19. April
- 3. mai
- 7. juni
- 6. sept
- 4. okt
- 1. nov
- 15. nov
- 18. nov årsmøte

Toppturtrim 2020

1. Sjønosi
2. Vetanosi
3. Bleia 1717
4. Suletind
5. Freibotnfjellet

Bakketrimmen 2020

1. Mork
2. Vindedalen
3. St Olavskjelda
4. Hitakvile
5. Korpresten
6. Kyrkjehaugen (Erdal)
7. Kropp

Saker LæT har tatt fatt i under Koronapandemien:

Ope brev til Lærdal Kommune (LK) om brøyting av Fv 5627 til Vardahaug bru.

Kommunen har ved fleire høve peika på at fysisk aktivitet og mosjon er viktig for folkehelsa. Særleg i desse Korona-tider, med forbod mot all organisert aktivitet som samlar fleire folk samstundes, ser ein det særst viktig at folk kan søke ut i naturen for mosjon og andre aktivitetar. Lærdal Turlag har lojalt avlyst alle fellesturar og anna aktivitet som kan samla mange samstundes. Men me ser at det ikkje er forbod mot at folk kjem seg ut på eiga hand for mosjon og turar.

Folk i Lærdal har tre område på fjellet dei kan vitja på dagsturar: Filefjell, Hemsedalsfjellet og Aurlandsfjellet. Alle flotte fjellområde med svært gode høve for turar både sommar og vinter.

I år vil ikkje LK brøyta FV 5627 opp til Vardahaug bru til påske bru slik som tradisjonen har vore. Årsaka dei gjev på heimesida si er slik:

Statlege myndigheiter rår folk ifrå å opphalda seg på hyttene, og ber folk om å halda seg heime i størst mogeleg grad. Lærdal kommune finn det difor ikkje rett å bruka ressursar på å opne vegen til hyttene i Sluppen slik situasjonen er no.

Det er rett at vitjing på hyttene med overnatting ikkje er lov, men ein kan reisa på hytta på dagsturar, dei som har hytte i heimkommunen kan nytta hytta til overnatting og. Etter eit søk på Norgeskart finn ein at det er 12 hytter ved Sluppen, 5 er eigd av Lærdøler, 7 av utanbygds.

Statlege myndigheiter, og DNT sentralt, tilrår og at folk skal komma seg ut for mosjon og på turar, men at dei skal halda avstand til andre.

Ved å brøyta FV 5627 til Vardahaug bru er LK med på å spreia folk over eit område til i tillegg til Filefjell og Hemsedalsfjellet, og å opna eit unikt turterreng for folk flest i Lærdal. Ein skulle tru at til større område me har til større vert avstanden mellom folk. Fv 5627 er fylkesveg, Vestland fylke har driftsansvaret for vegen, er det slik at LK har oppdraget med vedlikehald og brøyting mot betaling? Om det er rett kan vel ikkje økonomi vera ein av årsakene til ikkje å brøyte vegen?

LæT ber LK gjera om vedtaket om ikkje å brøyte Fv5627 opp til Vardahaug bru.

Me siterer frå fjelvvettreglane:

8. Vend i tide, det er ingen skam å snu

Mvh
Rolf Engløkk
Leiar LæT

13. mars:

LæT og COVID-19 (Korona-viruset)

Lærdal Turlag føl opp tilrådinga gjeve frå DNT og Sogn og Fjordane Turlag og avlyser alle fellesturar frå no og til 19. april 2020. Sjå tilrådinga nedanfor.

Me legg ut ny info når det er noko nytt i saka.

18. mars:

Me avlyse alle turane og aktivitet fram til 1. mai.

Me i Lærdal Turlag vil bidra der vi kan i den nasjonale dugnaden for å avgrense smitte. Me har dermed bestemt å avlyse alle turar, kurs, møter og arrangement fram til 1. mai. Før galdt denne avlysingen fram til 19. april, nå er det altså ingen aktivitet fram til 1. mai.

Utset hytteturen

Hyttene er opne (nokre har DNT-lås) for å sikre ly til dei som alt er i vinterfjellet, men me rår frå hyttebesøk og lengre turar i perioden framover. Betente hytter i landet, altså hytter med betening og matserving, vil berre halde opne som sjølvbeteningskvarter, altså utan tilsette, men med moglegheit finne matlager. Ved dei

betente hyttene som ikkje har moglegheit for sjølvbeteningskvarter vil det vere eit minimum av bemanning for å ivareta tryggleiken for dei som eventuelt er ute.

Vinterfjellet har tidvis krevjande tilhøve og vêromslaga kan kome brått. Hyttene våre står der som ein tryggleik for dei som alt er på tur og som treng ly.

Nå er det nærtur som gjeld

Ta med deg mat ut i skog, mark eller på stranda. Tenn bål, lag pinnebrød, bu ei natt i hengekøye eller gå ein sti du aldri tidlegare har gått.

Gå gjerne til eit turmål med turpostkassar, men vent med å skrive deg inn i bok. Last heller ned vår digitale turpostkasse [SjekkUT](#).

Her kan du sjekke inn på turmål digitalt heile døgnet. Appen er gratis. Du finn også tusenvis av nærturar på [UT.no](#)

4 råd til deg som skal ut på tur i nærmiljøet

- * **Kjenn på din eigen form** før du legg ut på tur. Er du i ikkje i slag, bli heime slik at du unngår å eventuelt smitte andre.
- * **God handhygiene.** Vask hendene ofte og grundig med såpe og lunka vatn, spesielt når du har vore ute mellom folk.
- * **God hostehygiene.** Host i papirtørkle som kastast straks etter bruk etterfølgt av handvask, eller hoste/nyse i albuekroken, dersom du ikkje har papirtørkle tilgjengeleg.
- * **Hald avstand.** (minst 1 meter) til andre personar.

Me vil elles minne om å følgje [Fjellvettreglane](#) når du skal på tur.

Dette vil og seie at Bakketrimmen vert utsett til 1. mai.